Svar på spørsmål frå Mark Taylor MDG – motteke på e-post 12.10.26

Skriftleg spørsmål til kommunestyremøtet 22.10.2026

Saka om framtidig skulestruktur i Fjaler kommune vart initiert med bakgrunn i behovet for å redusere kommunen sine driftskostnader og styrke den økonomiske situasjonen. Dei økonomiske forutsetningane har gjennom heile prosessen vore framheva som den sentrale grunngjevinga for å greie ut endringar i skulestrukturen.

Kommunedirektøren viser no til at Fjaler kommune har eit meirforbruk på 2,2 millionar kroner samanlikna med KOSTRA-gruppe 5 på funksjon 202 Undervisning, med eit mål om å komme seg på samme nivå som kostragruppa. Samstundes legg administrasjonen fram tal som syner at dette innsparingspotensialet er mogleg å realisere innanfor dagens skulestuktur gjennom tilpassing av bemanning og ressursbruk.

Når administrasjonen sjølv legg til grunn at den økonomiske gevinsten kan hentast ut utan strukturelle endringar, reiser det eit grunnleggjande spørsmål om føresetnaden for heile saka framleis er til stades.

Årsverk per skule – ordinær undervisning i 2026

Skule	*Behov ifølgje BM**	*Tilsette i 202***	*Differanse*
Dingemoen	30,6	30,1	-0,5
Flekke	5,9	8,8	2,9
Våge	8	8,1	0,1

**BM = Budsjettmodell*
*** Dette gjeld berre årsverk som inngår i ordinær undervisning*

Vurderer kommunedirektøren at den økonomiske grunngjevinga for å endre skulestrukturen har falle bort når administrasjonen meiner dei nødvendige innsparingane kan oppnåast innanfor dagens skulestuktur? Dersom svaret er nei, ber vi kommunedirektøren konkret peike på kva økonomiske innsparingar som ikkje kan oppnåast utan strukturendringar, og dokumentere storleiken på desse?

Svar

Vi oppfattar spørsmålet til om den økonomiske grunngjevinga for å endre skulestruktur har falle bort når innsparingane kan nåast innanfor dagens skulestruktur.

Det korte svaret er nei. Den økonomiske grunngjevinga for å vurdere skulestrukturen står framleis ved lag. Det er tre grunnar til det.

1. **Kommunegruppa er ikkje det same som balanse**

- Som vist på side 5 i vedlegg 1, har meirforbruket på oppvekst samanlikna med kommunegruppe 5 gått ned frå om lag 10 mill. kr i 2024 til 2,2 mill. kr i juni 2026. Det viser at arbeidet med betre drift har gitt resultat.
- Kommunegruppe 5 er likevel eit gjennomsnitt som vi bruker for å samanlikne kva tenestene kostar. Gjennomsnittet seier ikkje kva Fjaler har råd til. Om vi kjem ned på same nivå som kommunegruppa, betyr ikkje det at kommunen går i pluss. Fjaler har ei belastning som kommunane i gruppa ikkje har i same grad
- Gjelda er om lag 110 % av inntektene. Tilrådd nivå er 75 %, så vi har om lag 150 mill. kr meir i gjeld enn tilrådd. I kommunegruppa var snitt av netto lånegjeld etter rekneskap for 2025 81,9%, dvs nær anbefalt nivå. Det var kun 3 kommunar med høgare gjeld. Alle hadde store underskot 2,6-5% (Fjaler 1,9%) og ein av dei er på ROBEK.
- Renter og avdrag er om lag 10 mill. kr høgare i året enn tilrådd. Med dagens rentenivå er skilnaden om lag 15 mill. kr.
- Denne kostnaden må betalast av dei same driftsinntektene som skal finansiere tenestene. Skal Fjaler gå i balanse, må vi difor drive tenestene rimelegare enn gjennomsnittet i kommunegruppa.

<u>I tillegg kjem dette:</u>

Budsjett- og handlingsprogrammet for 2026–2029 har eit mål om å betre økonomien med 15 mill. kr.

Kommunen skal ha eit driftsoverskot på 2 % av inntektene, om lag 9 mill. kr, og byggje opp disposisjonsfondet.

Pleie og omsorg brukar allereie 20,8 mill. kr mindre enn kommunegruppa. Der er det lite å hente, og behovet aukar når det blir fleire eldre.

Kommunen manglar om lag 179 mill. kr til å finansiere dei investeringane vi alt ser behov for. Beløpet vil vere høgre når vi får oppdatert tala.

2. **Budsjettmodellen og strukturendring overlappar berre delvis.**

Tabellen i spørsmålet viser at Flekke skule har 2,9 årsverk meir enn budsjettmodellen gir. Kommunedirektøren er samd i at alle skulane skal drivast i tråd med budsjettmodellen, og det arbeidet held fram same kva struktur vi vel. Ein del av innsparinga på undervisning kan difor hentast ut innanfor dagens struktur. Den delen kan ikkje reknast med både som tilpassing til modellen og som innsparing ved strukturendring.

Mange av innsparingane ved ei strukturendring kan likevel ikkje hentast ut ved å tilpasse bemanninga:

Kostnadspost	**Mogeleg utan strukturendring**	**Storleik (mill kr/år) AK sine tal**
Tilpassing til budsjettmodellen	Ja	x mill
Resten av innsparing på undervisning – 202	Nei	4,9 (potensial etter 2025-tala)
Bygningsdrift – 222 Flekke	Nei	1,29
Kapitalkostander ved ny skule (investering på 98 mill)	Nei	5 mill (AK sine tal)
Auka kostnader til Skyss - 223 og SFO – 215	Meirkostnad	0,176 + 0,
Netto innsparingspotensiale ved full effekt (AK sin rapport)		**10,9 mill**

Gjer merksam på at Agenda Kaupang (AK) sine tal er henta frå 2025 og indikerar eit potensiale for innsparing. I saka som skal handsamast i kommunestyre 19. november 2026 brukar vi ressursstyringsmodellen.

3. **Skulestruktur er eitt av fleire tiltak**

Om vi tek ut heile meirforbruket på 2,2 mill. kr og tilpassar skulane til budsjettmodellen, er vi framleis langt frå målet om 15 mill. kr. Som det står i vedlegg 1, må kommunen halde fram med omstillinga også om skulestrukturen blir endra. Strukturendringa erstattar ikkje dei andre tiltaka. Ho er ein del av tiltaka.

Førebels status for budsjett for 2027 viser at utfordringane har auka. Vi fekk dårleg uttelling i statsbudsjettet og renta har auka i 2026 og er forventa å auke i 2027. Det betyr at det må gjerast andre organisatoriske endringar i åra som kjem for å kunne nå dei økonomiske måla. På side 6 i vedlegg 1 har vi lista opp andre mogeleg tiltak. Vi ser ei stor utfordring ved at det minkar på tida vi har til å få det til.

Oppdraget frå kommunestyret i november 2025 handla dessutan ikkje berre om økonomi. Kommunestyret bad også om ei vurdering av kvaliteten på opplæringa, elevtalet framover, tilstanden og storleiken på skulebygga og kva skulane betyr for lokalsamfunna.

Konklusjon: Tilpassing til budsjettmodellen er nødvendig, men ho er ikkje nok. Dei innsparingane som berre ei strukturendring gir, er omtala i tabellen.

15.10.26

Ola Hovland

Kommunedirektør